



Seim Bygg AS
Terje Seim
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/17670 - 22/60688

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.08.2022

Ferdigattest - tilbygg til einebustad gbnr 305/16 Fløksand

Administrativt vedtak: Saknr: 855/22
Tiltakshavar: Halvard Fløysand
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad på gbnr 305/16.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/17670 datert 23.02.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.22.

Skildring

Adresse:	Fløksand 47 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Tilbygg til einebustad
Bygningsnummer:	176003251
Bruksareal:	122 m2

Avlaup:	Privat slamavskiljar 6 m ³
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17670

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Halvard Fløysand Fløksand 47 5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Seim Bygg AS Nesbrekka 28 5912 SEIM